

Arrangørmål for Valdreskappleiken

Bakgrunn:

På diskusjonsforum i Valdres folkemusikklag hausten 2007 var Lokalkappleik og Runddansstemnet for Valdres tema. Ulike sider ved arrangementet var diskutert. Det vart på dette diskusjonsforumet sett ned ei nemnd som skulle arbeide vidare med arrangementet. Nemnda besto av Gro Arneng, Ingvild Lie, Tom Kjetil Tørstad og Stian Roland. Dei arbeidde ut ein del forslag til endringar som vart utprøvd under arrangementet i 2008 som fann stad på Solhaug i Øystre Slidre. Ei av desse endringane var namnet på arrangementet. Lokalkappleik og Runddansstemnet for Valdres vart til Valdreskappleiken. På seinvåren 2008 vart det kalla inn til eit nytt diskusjonsforum kring Valdreskappleiken. Her vart det diskutert korleis dei endringane som var gjort fungerte. På bakgrunn av dette har nemnda no utarbeida ein mal for arrangementet Valdreskappleiken.

Tidspunkt for arrangementet

For å unngå konflikt med påskeavviklinga, samt andre arrangement skal arrangementet finne stad andre helga i mai.

Påmelding

Påmelding skjer på førehand. Fristen bør setjast til ca 14 dagar før arrangementet. Tevlingsnemnda kan slik klargjera domarskjema på førehand og spare mykje arbeid under arrangementet. Dette forenkler også arbeidet for premienemnda.

Klasseinndeling:

Kappleiken har totalt ni ulike klasser. Alle klasser blir delt i junior og senior. I tillegg er det ei felles klasse for alle rekruttar. Kappleiken har ingen eigne gjesteklasser, men ynskjer gjester utanfrå til å delta i dei klassene som finst.

1. Eldre folkemusikkinstrument: langleik, munnharpe, fløyter, lur, bukkehorn mm.
2. Pardans/ laus: springar/ springleik/ pols, gangar/ bonde, laus/halling
3. Lagdans: springar/ springleik/ pols, gangar/ bonde, laus/halling
4. Hardingfele/ Vanleg fele
5. Samspel: spelemannslag, gamaldansgrupper mm.
6. Toradar/ Trekkspel - solo
7. Vokal - solo
8. Open klasse
9. Runddans/gamaldanstevlinga på kvelden.

Senior: deltakarar f.o.m. det året dei fyller 19 år.

Junior: deltakarar f.o.m. det året dei fyller 12 år t.o.m. det året dei fyller 18 år.

Rekrutt: deltakarar under 12 år (til og med det året dei fyller 11 år).

Domarar:

Tevlingsnemnda har ansvaret for å plukke ut 6 domarar med allsidig kompetanse på musikk/dans. Alle desse 6 domarane dømmer alle klasse med unntak av Runddans-/Gamaldanstevling om kvelden. Eit eige domarpanel på tre gamaldanskunnige dømmer dansetevlinga om kvelden.

Domarane nyttar same domarskjema på alle klasser. Dei kan gje mellom 1 og 15 poeng kvar. Alle poenga blir vidare summert slik at me får ein poengskala der 90 poeng er maks. Poenga blir offentleggjorde.

Merknad: Valdres folkemusikklag bør utfordre Lfs til å utvikle eit felles poengsystem for alle sine arrangement. Pr. 2008 har Lfs tre ulike poengskalar på sine arrangement. Når ein skal slå samane klasser blir dette eit problem. Om eit nytt poengsystem kjem på plass hjå Lfs blir det anbefalt at dette blir brukt også på Valdreskapleiken.

Finalekonsert

På kveldstid blir det halde ein finalekonsert rett i forkant av premieutdeling og kveldsdansen. Domarane vel ut fire av dei 8 klassevinnarane frå dagen til ei "Superfinale". Alle finalistane spelar eit nummer kvar. På finalekonserten blir det tevla om pengepremiar. Rettleiande summar er: 1. plass 2000,- 2. Plass 1500,- 3. Plass 1000,- og 4 plass 500,- .

Gamaldans/Runddanstevling

På eit avgrensa tidspunkt i dansefesten om kvelden skal blir domarane i Rundans/Gamaldans observere dansegolvet og vidare rangere 3 dansepar. Vinnarparet får 1000 kroner, medan andre plass og tredjeplass blir premierte som dagtevinga.

Tidsplan

Arrangementet bør ha ein godt utarbeidd tidsplan som skal haldast. Dagtevinga bør begynne på føremiddagen. Det lyt vera ei høveleg pause mellom dagtevinga og finalkonserten slik at domarane får bestemt kven som skal til finalekonserten. Det er veldig viktig at det er god mat/ølservering i denne pausa, slik at det ikkje er nødvendig for folk å forlate arrangementet.

Lokale

På eit slikt arrangement er det svært viktig med eit hyggeleg lokale. Dersom ein vel å bruke gymsal bør ein gjera ein del grep for å skape trivsel. Samfunnshus med noko tilgang på øvingsrom er å anbefale.

Fest/ dansepel

Det er her viktig å tinge inn lokale grupper tidleg for sikre at folk set av helga! Dansespelet bør kunne avviklast på dugnad. Korte økter med blanda bygdedans og gamaldans er viktig for å halde på eit breitt publikum.

Marknadsføring

Datoen bør setjast tidleg på hausten. Det er svært viktig å vera tidleg ute med annonsering og førehandsomtale. Dersom ein får lokale bedrifter/bankar til å betale annonsane er det pengar å spare. Omtale på førehand er også heilt gratis. Nettsider og førebels program bør vera klare før vinterferien. Vidare bør det vera omtale i aviser i samband med påska. Aviser, tidsskrifter og nettsider som bør dekke arrangementet er: Avisa Valdres (send pressemeldingar i førekant av arrangementet), Låt o Link (NB! Ver merksam på tidsfrister), www.valdresfolkemusikklag.no, www.folkemusikk.no, www.valdres.no

Premiar

Rekruttar skal ha deltakarpremie som blir delt ut med det same dei er ferdige med å spele. Desse skal ikkje rangerast. Det er ynskjeleg med deltakarpremie også til juniorar, men ikkje til seniorar. I alle klassene for junior og senior skal dei tre beste premierast. Ein bør ha det som mål at lokale bedrifter stiller med pengepremiar. Premieutdelinga bør haldast i samband med finalkonserten for ikkje å bryte opp kveldsdansen. Det er viktig at finalekonsert/premieutdeling er godt strukturert og ikkje tek for lang tid.

Vandrepremiar

Dersom ein klassevinnar ikkje representerer Valdres skal vandrepremiene likevel gå til beste Valdresprestasjon. Lokal arrangør har det økonomiske ansvaret for gravering av vandrepremiene.

Evaluering og rullering av Valdreskappleiken

Det er utarbeida ein mal for evaluering av årets arrangement som skal lette dette arbeidet. Denne skal innehalde all informasjon i samband med arrangementet. (Prislister, omtaler, klasseinndeling, tidsplan, resultatlister osv). Arrangementet skal ambulere rundt hjå lokallaga i Valdres. Eit lokallag som står for tur kan seie nei om dei vil. Det er Valdres folkemusikklag som har det overordna ansvaret for at Valdreskappleiken blir gjennomført, og som har det overordna ansvaret for arrangementet.

*Tom Kjetil Tørstad, Gro Arneng, Ingvild Lie og Stian Roland
Gamle Dale skule den 8. September 2008.*

Evaluering/rapportering etter Valdreskappleiken:

Sidan kappleiken går på rundgang mellom ulike lokallag, er det viktig at kappleikspermen inneheld god informasjon om arrangementet frå år til år. Når kappleiken er ferdig må følgande informasjon ligge i kappleikspermen:

- Namn på medlemmane i hovudnemda
- møtoreferat frå planleggingsmøter
- Innkjøpslister (mat, drikke, premie)

- Vaktlister (kor mange og kor lenge, kva for oppgåver)
- Tidsplan
- Klasseinndeling, dommarskjema og oversikt over dommarane
- Påmeldingslister og resultatlister
- reknskap